



Fyrsteklassekullet ved skulen sist haust

**Det var truleg nedgang i folketalet i Uskedalen i fjor medan det gjekk opp året før. Ei førebels berekning syner at det ved årsskiftet var 1039 uskedelingar medan det var 1061 eitt år tidlegare - altså ein nedgang på 22.**

**På den andre sida var det i 2011 ein auke på 33 og det var det nest høgaste av bygdene i kommunen. Berre Sunde låg då foran med ein pluss på 57.**

Dei endelege tala føreligg altså ikkje - med unntak av kommunetalet frå Statistisk Sentralbyrå som syner stor stabilitet. Det var 8 færre kvinnheringar ved dette årsskiftet enn ved det førre - tala var 13 313 og 13 305.

Men i heile fedrelandet aukar det skikkeleg for tida - ved årsskiftet var det 5 051 300 nordmenn - 65 400 fleire enn eitt år før.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen